



Arkivnr: 2015/7154-6

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

**Saksframlegg****Saksgang**

	Saknr.	Møtedato
Utvale		04.09.2018
Utvale for opplæring og helse		19.09.2018
Fylkesutvalet		02.10.2018
Fylkestinget		

**Selskapsavtale Vigo IKS****Samandrag**

Representantskapet til Vigo IKS vedtok ny selskapsavtale på representantskapsmøtet 12. april 2018. Den nye selskapsavtalen er utarbeidd saman med KS-advokatane.

Tal eigarar av selskapet er endra grunna samanslåinga av dei to trøndelagsfylka til Trøndelag fylkeskommune. Tal varmedlemer frå kvar fylkeskommune til representantskapet er auka frå ein til to. Vidare er selskapsavtalen oppdatert med kostnadsfordeling slik den vart vedteken i 2016. Det er også gjort mindre endringar slik at selskapsavtalen samsvarar betre med lov om interkommunale selskap.

Vigo IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om Interkommunale selskap. Det er fylkeskommunane og Oslo kommune som eig selskapet.

**Økonomi:** Ingen effekt**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** Ingen effekt**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek framlegg til ny selskapsavtale for Vigo IKS.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.08.2018**

**Bakgrunn**

Vigo IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om Interkommunale selskap. Det er fylkeskommunane og Oslo kommune som eig selskapet.

Representantskapet til Vigo IKS vedtok samrøystes ny selskapsavtale på representantskapsmøtet 12. april 2018. Den nye selskapsavtalen er utarbeidd saman med KS-advokatane.

Endring av selskapsavtalen krev at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette (jfr selskapsavtalens § 15).

**Endringane i selskapsavtalen**

**§1 - Selskapet**

Tal eigarar av selskapet er endra på grunn av samanslåinga av dei to trøndelagsfylka til Trøndelag fylkeskommune. Selskapsavtalens §1-Selskapet, er endra i tråd med dette.

**§4 – Eigarandel, innskuddsplikt og fordeling av kostnader**

I 2016 vart ny kostnadsfordeling vedteken av eigarane av selskapet. Selskapsavtalens § 4 Eigarandel, innskuddsplikt og fordeling av kostnader er no endra i tråd med kostnadsfordelinga slik det vart vedteke i 2016.

**§ 5 – Representantskapet**

Kvar deltar/eigar har ein representant i representantskapet med ein personleg varamedlem. I framlegg til ny selskapsavtale er talet på varamedlemer auka til to.

Utover dei ovannemnde endringane er det gjort nokre mindre justeringar slik at selskapsavtalen samsvarar betre med lov om interkommunale selskap.